

Høyringsuttale - Forslag til verneheimel i jordlova

Kommunane i Hallingdal har drøfta forslaget til verneheimel i jordlova. Dette brevet er handsama administrativt i kommunane Flå, Nes, Gol, Ål, Hol og Hemsedal. Brevet vert handsama politisk i Nes, Gol og Hemsedal kommunar med det fyrste. Ei stadfesting etter politisk handsaming vert send innan 1. februar.

Hallingdalskommunane stiller seg bak vurderinga av at verdfull matjord treng eit sterkt vern.

Slik me les det vil ikkje framlagte forslag føre til vesentlege endringar i Hallingdal. Dette ut frå punkta 4 og 5 i forslaget til nye bestemmelsar:

- at vernet skal gjelde verdifull dyrka jord. Arealenes kvalitet og egnethet i matproduksjonen, særlig for matkorn, vil være et vesentlig kriterium, men også arealer til fôrproduksjon kan være aktuelle
- at arealene bør være av en viss størrelse og mest mulig sammenhengende

I Hallingdal har me lite areal som fell inn under punkta over. Me vil difor trekkje fram noko SLF sjølv understrekar – nemleg at forslaget ikkje må endre viktigheita av å halde oppe eit sterkt jordvern i område som ligg utanfor jordvernområda òg. Slik me ser det er det svært viktig at innføringa av den nye verneheimelen ikkje fører til A- og B-areal, med den konsekvensen at B-areala lettare kan byggjast ned enn det som er tilfelle i dag. Hå oss er alt jordbruksareal viktig og me har ikkje meir jordbruksareal enn at det uansett skal svært tungtvegande grunnar til før det er forsvarleg med omdisponering.

Med helsing

Svein Magne Bråten
Jordbruksleder i Nes og Flå